

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lemsedal

Emne: Vassbering

Bygdelag: Sorbygd

Oppskr. av: Ole Rudvin f. 1899.

Gard:

(adresse): Hammerstadgt. 12 B^{te}, Oslo

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Vass-sele har vore - og er enno - vanleg når ein skal bera vatn frå brun eller kjilde i store mengd (til vask, til krøtera o. s. b.) Når det berre gjeld lite grunn matvatn (drikkevatt, grøtvatn, kaffi-vatt) kan det vera ein berre smertar bort i brunnen med eitt vass-spann. Vass-selen var til å leggje over bae okslene, med vinn-band og trekrokar eller jarnkrokar etter som det fell seg. Dei var heimegjorde på kvar gard. Så snart sink-spann (d. galvaniserke spann) kom i handelen, kengde dei heibøtene nanna som vass-kjerald. (Var vanleg i bruk i min barndom).

2) Vass-sa og sa-stong har eg ikkje sitt nytta.

3) Ski til vass-draging er like eins ukjent.

4) Vassberinga vart teke som det fell seg etter ar. brudshjelpa, helsetilhoiva o. s. b. Stundom mannen i huset (ofte det, for det var eit heller tungt arbeid), stundom kona, tenarane eller borna - det var i all fall mein karmanns arbeid ein fjøstillet (bortsett frå hebstillet som jamnast var mannen sitt arbeid).

5-7) Kvar gard og kvart bruk har frå gammalt hatt brun (eller kjilde dersom ei god oppkome eller store bekk gav vatn året rundt). Men brunnen var (og er) mein og mindre gode, og i lange kaldversbolkar om vinteren kunne det vera at vatnet traut somme

2

stader. Og då laut dei som regel hente vatn så langt
 unna (oppkomer, elvar, fjern) at det falt for tungt å
 med bering. Då laut dei dra eller køyre det. Ein
 skaffa seg ei høvedeg tunne (s. holk) - heime hjå oss
 kjøpte me ei sirupstunne som me saga hol i og hadde
 i mange år. Og så surra ein tunna fast på dra-
 garkejelken eller køyresleden. - Funlagt vatn var
 det svært få som hadde i min oppvekst. Det
 var som regel så kotsamt at mange ikkje hadde
 råd til det. Dessutan var vilkåret at ein hadde
 god, årviss brun som låg slik til at det let
 seg gjera å få lagt leising til husa. - No tek
 folk meir og meir til å få innlagt vatn, men
 det er langt ifrå ikkje vanleg enno.

12-5-47

Ole Rudem

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
 adr. NORSK FOLKEMUSEUM 516
 BYGDØY

*Buskend
Hemsedal*

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Bygdøy i april 1948.

Tilleggsspørsmål til emne nr. 5, Vannbæring.

Vennligst svar på dette papir med blyant og send det så fort råd er i den lille konvolutten.

Brukte eller bruker en å la flyte noen gjenstander på vannet eller melken når en bar eller kjørte vaskene en lengre vei for å hindre at vasken skvulper over?

Brukte eller bruker en:

- 1) Treskiver, løse lokk (med eller uten håndtak)?
- 2) a) Trekors?
b) Trekors med en liten knott i midten for lettere å kunne løfte det?
- 3) Noen trestykker?
- 4) Gress, halm, løvkvister, store blad, gran- eller enekvister?
- 5) Is eller snø?
- 6) Kjerald, skål, bøtter, trefat?
- 7) Korkskiver?
- 8) Hva kaller en slike ting for (skuljefjæl, flottor, bøk, flø, flyteskiver)?
- 9) Fanns det noen forseggjorte gjenstander til det bruket?

--- o o o ---

Slike ting er helt ukjende for meg. Vanligvis hadde ingen særskilt lang veg i bera korkje mjølk eller vatn - iallefall ikkje for lengere tid.

Herad *Hemsedal*
Uppteiknar... *Ole Rudvin.*

3-8-48.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
 ADR. NORSK FOLKEHUSEM.
 BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbøring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?

Denne reidshopen er heilt ukjent for meg, men eg tykkur til at dei somme stader har laga skak-drog etter same prinsippet for å kunne køyre fram små-lass. Det ikkje er køyreveg.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel? *Nei.*

Har ein bruka kumøkk til brensel? *Nei, ikkje det eg veit.*

11/10 - 48.

Ola Rudoin
 Herad: Hemsedal

2092